

# Radøy Interkommunale Busenter for psykiatriske pasienter- ledig plass

---

Radøy kommune driv Radøy Interkommunale Busenter (RIB). Dei som i dag samarbeider om dette tiltaket er Osterøy kommune, Vik kommune, Bergen kommune og Radøy kommune. Radøy er vertskommune og har drift- og arbeidsgjevaransvar for tiltaket.

Busenteret ligg sentralt på Manger. Radøy kommune leiger ein fløy av bygget som før var gamle Radøy sjukeheim, som Helse Bergen eig. Bebuarane har kvar si leilegheit med kjøkkenkrok og bad. I tillegg er det 2 fellesstover, 2 felleskjøkken og felles vaskerom til disposisjon for bebuarane.

Me har tilsett husmor, som lagar mat på busenteret. Dette er for å skape eit heimekoseleg miljø og hjelpe bebuarane til å trenre på huslege sysler.

I tillegg har me valt å innföra medlevarturnus med 4 team, som betyr at delar av personalet jobbar i periodar på 2 og 3 døgn i strekk. Kvart team består av ein sjukpleiar/ vernepleiar samt ein hjelpepleiar/ omsorgsarbeidar. Alle med lang erfaring frå psykiatrifeltet hovudsakleg spesialisthelsetenesta.

Ein ser at bebuarane opplever eit miljø som gjev mindre assosiasjonar til institusjon, og som liknar meir ein heim, ved at dei tilsette bur der, lagar og har måltid saman, følgjer opp aktivitetar og sør der i den perioden ein er på arbeid. Dette medverkar til ein trygg og god kvardag for bebuarane.

RIB er eit døgnbasert butiltak for personar med alvorlege psykiatriske lidningar og ein har totalt 9 plassar. Bebuarane er per tida personar med kronifiserte schizofrenidiagnosar og personar med bipolar lidning. Det bur både menn og kvinner ved RIB og aldersmessig spenn belegget frå 40 – 58 år. Funksjonsnivået til bebuarane anslåast som relativt lavt. Bebuarane som flytta inn hausten 2008 har budd stabilt ved RIB sidan oppstart.

RIB har eigen tilsynslege, og har tett samarbeid med spesialisthelsetenesta.

I forbindelse med utflytting av brukar har me no ledig kapasitet til å ta imot nye bebuarar.

Me ser etter brukarar som kan passe inn med dagens bebuarar. Me ynskjer dialog med andre kommunar for å orientere om tilbodet ved RIB og på denne måten finne brukarar som vil kunna nyttiggjera seg av tilbodet.

Dersom tilbodet skulle vere interessant for dykk, ta kontakt med underteikna for spørsmål og utfyllande informasjon.

Med venleg helsing

Vibeke Angelskår Erstad  
Leiar Radøy interkommunale busenter  
Tlf; 400 38 478/ 400 38 479  
[Vibeke.Angelskar.Erstad@radoy.kommune.no](mailto:Vibeke.Angelskar.Erstad@radoy.kommune.no)